



Osterøy entreprenør AS
Hauge
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3014 - 16/27056

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

29.09.2016

Førebels svar - trong for tilleggsopplysningar - gbnr 4/102 og 122 - Hauge i Osterøy kommune

Lindås kommune handsamar saka som settekommune .

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- 1) Det er ikkje motteke søknad om tilkopling til kommunale vass- og avlaupsleidningar. Slik søknad skal sendast til Osterøy kommune til godkjenning. Dersom du er usikker på kva Osterøy kommune krev i ein slik søknad, må du ta kontakt med teknisk drift i Osterøy kommune. Dykkar brev av 03.08.2016 er ikkje tilstrekkeleg som søknad.
- 2) Det er ikkje motteke søknad om dispensasjon. Dykkar brev av 03.08.2016 er ikkje tilstrekkeleg som søknad då den blant anna ikkje er grunngitt, jf. pbl § 19-1.
- 3) Det ligg ikkje føre tinglyst erklæring om at *tiltakshavar* har rett til å leggja ned leidningar på gnr. 4 bnr. 2.
- 4) Det ligg ikkje føre *fullstendig* søknad om tiltak etter plan- og bygningslova. Etter vår vurdering kan saka heller ikkje handsamast som endringssøknad av sak 293/10. Slik søknad er heller ikkje sendt inn med naudsynte vedlegg. I tillegg til at søknaden må handsamast som ny søknad må vi få tilsendt detaljerte teikningar av leidningstrassen på offentleg oppdatert situasjonskart som også viser eksisterande godkjente leidningar samt nye snitt-teikningar og lengdeprofilar av omsøkte tiltak. Vi tolkar dykkar brev av 16.09.2016 at teikningane som er sendt inn tidlegare ikkje kan nyttast, då «V/A anlegget er bygt i traceen som V/A planen syner» i horisontalplanet men tydelgvis ikkje i vertikalplanet. Dersom søkjar ynskjer at ein skal ta i bruk teikningar som er sendt inn tidlegare vert det avvik mellom det som er utført og det som er skildra i teikningane.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



5) I brev av 21.03.2016 har Anders Hauge, eigar av gnr. 4 bnr. 2 gjeve løyve til planane om V/A anlegg på eigedomen. I sitt brev av 09.08.2016 påstår Anders Hauge at han ikkje har godkjent at elveløpet skal fyllast med betong. Sakshandsamar har fått tilsendt eit dokument med namn «Oddalsmyra Næringspark VA-Rammeplan» motteke av Osterøy kommune den 30.06.2010.



Tegningene som vi har fått opplyst ikkje er godkjente, viser at det skal etablerast «dykkerledning under elv» dvs. under eksisterande elvebunn. Tiltaket er soleis prosjektert slik at ein unngår å måtte ha synleg betong i elva. Då leidninga ligger på toppen av elvebunn og er i tillegg overdekt med betong kan vi slå fast at leidningane ikkje er plassert «under» elva. Anlegget representerer ei hindring i elva og kan også vere i strid med naturmangfoldslova. Vi meiner at det ikkje er hensiktsmessig å vurdere ei plassering der røyr vert plassert på toppen av elvebunnen slik det er utført. Dersom det manglar naudsynt fall er det enten avvik i prosjekteringa av tiltaket eller manglar ved utførelsen. Vi kan ikkje sjå at grunneigar har gjeve tiltakshavar løyve til å anlegge tiltaket slik det er bygd.

6) VA-rammeplan skal vere godkjent av Osterøy kommune ved Teknisk drift før søknad om rammeløyve «vært handsama», jf punkt 2.4 i føresegnene til reguleringsplanen. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre godkjent VA-rammeplan. Dersom det ligg føre slik godkjenning ber vi om at vedtaket vert oversendt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.10.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av «søknaden»/dokumentasjonen som er sendt inn. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Det vert også gjort merksam på at saka vert sendt på høyring til Fylkesmannen og Fylkeskommunen før saka vert handsama.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Gebyret vert sendt ut frå Osterøy kommune.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Hauge	Hauge	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Osterøy kommune	Rådhusplassen	5282	LONEVÅG

Mottakarar:

Osterøy entreprenør AS	Hauge	5281	VALESTRANDSFOSSEN
------------------------	-------	------	-------------------